

Gudbrandsdal historielag og Dølaringen

Årsmelding 2010

1. Årsmøte 2010

Årsmøtet i 2010 var på Gammel-Kleppe i Vågå laurdag 28. august, med Vågå historielag som vertskap. Det møtte 55 personar, av desse var 31 medlemmer i Dølaringen, 25 som utsendingar for 11 lokale historielag og 6 som interesserte tilhøyrarar.

Før årsmøtet var det ope hus og omvising på Sandbu (nigard søre) med Ivar Lillebråten som vert, og orientering om historia til Gammel-Kleppe ved Dag Lindvig.

Før årsmøtet hadde styret sendt ut framlegg til lovendring der Dølaringen og Gudbrandsdal historielag gjekk saman til ein organisasjon. Det vart organisert særskilt årsmøte for Dølaringen der framlegget vart drøfta grundig. Ved røysting fekk framlegget 17 røyster, mot 14 som gjekk mot samanslåing. Framlegget var da avvist, i og med at lovendring krev 2/3 fleirtal. Det var da ikkje grunnlag for å ta opp framlegget til drøfting i Gudbrandsdal historielag. Årsmøtet vart etter det fullført som samla møte.

2. Rekneskap for 2010

Rekneskapen for 2010 viser eit underskott på kr 145.694, mot eit underskott på kr 60.471 i 2009. Årsaka til det dårlege resultatet ligg i noko dårlegare sal av årbøker, større provisjon til bokhandlane som sel boka, mindre inntekt frå sal av andre bøker enn dei siste åra, utgifter til og lite sal av "Wergelandboka" og generelt større utgifter.

Ved utgangen av året 2010 var Aagaards legat på kr 80.751, mens Ivar Kleivens fond var på kr 30.461.

3. Årspengane

Det vart vedteke slike årspengar for 2011:

Gudbrandsdal historielag: 300 kr for medlemslag og 100 kr for personleg medlem.

Dølaringen: 300 kr for medlemslag og 100 kr for personleg medlem.

4. Val.

På årsmøtet vart det gjort slike val:

Dølaringen:

Arne Skuterud, Nord-Fron (2009-2012) attvald som leiar for eitt år

Gaute Elvesæter Helland, Lom (2010-2013)

Kirsti Haugstad, Ringebru/Hamar (2008-2011) ikkje på val

Varamedlemer for eit år:

Arnfinn Engen, Lillehammer

Ragnhild Kolden, Lom/Oslo

Åse Haugstad, Lesja

Gudbrandsdal historielag:

Arne Skuterud, Nord-Fron 2010-2013) attvald som leiar for eitt år

Arild Teigen, Nord-Fron (2009-2012) ikkje på val

Kirsten Andberg, Lillehammer (2008-2011) ikkje på val

Varamedlemmer for eit år:

Anders G. Fretheim, Ringebu/Fåvang

Hans Agneberg, Skjåk

Magnhild Bruheim, Lillehammer

Valnemnd:

Ingen var på val og nemnda har slik samansetting for 2010-2011:

Ivar Teigum, Otta

Iver Forseth, Lillehammer

Kari Jægersletten, Vinstra

Revisor:

Oppland Revisjon & Rådgivning vart attvald som revisor.

5. Styrearbeid og medlemstal

Gudbrandsdal historielag og Dølaringen har i 2010 hatt fem felles styremøte og drøfta 37 saker.

Dølaringen hadde **75** enkeltpersonar og **fire lag** som betalande medlemmer i 2010, ein nedgang på 16 personlege medlemmer frå 2009.

Gudbrandsdal historielag hadde **11** lokale historielag i Gudbrandsdalen som medlemmer i 2010. Dei fleste laga har sendt inn melding om arbeidet for 2010.

Saman med Maihaugen og Oppland fylkeskommune arrangerte Gudbrandsdal historielag eit større seminar på **Maihaugen 19. januar 2010**. Tema var *arkeologi og eldre historie i Gudbrandsdalen*. 70 deltok på seminaret, der det vart halde ei rad interessante foredrag. Seminaret vart oppsummert som vellykka på alle punkt. Økonomisk gjekk seminaret i balanse.

I ettertid er det konkludert med at dette skal bli eit årleg arrangement, med namnet Gudbrandsdalsseminaret. Gudbrandsdalsmusea har også slutta seg til som medarrangør. Ivar Teigum og Arne Skuterud representerer Gudbrandsdal historielag i planleggingskomiteen.

Styret har i lengre tid ønska å finne meir eigna kontorlokale for Dølaringen Boklag. Dette vart ein realitet da boklaget frå 1. oktober 2010 flytta inn i nye og sentralt plasserte lokale i Kirkegata 51 på Lillehammer.

Styret har vore oppteke av å kunne gi betre informasjon om verksemda si. Derfor vart heimesida www.gudbrandsdalahistorielag.no oppretta frå mai 2010. Vi har alt nå opplevd at utfordringa særleg er å ha kapasitet til å halde sida ajourført. Styret vil arbeide for å forbetre dette. Denne sida kjem i tillegg til boklaget si heimeside www.dolaringenboklag.no.

6. Årboka for Gudbrandsdalen 2010

Kristian Hosar har vore redaktør for årboka også i 2010. Som vanleg har boka eit breitt stoffutval frå heile Gudbrandsdalen. Boka vart lagt ut for sal i september.

Årboka 2010 er på 304 sider og er trykt i eit opplag på 2000. Salet av boka har gått noko ned dei siste åra. Pr 31.12.2010 var det seld 1.204 bøker, mot 1.296 av 2009-boka pr. 31.12.2009.

7. Dølaringen Boklag. Opplysningar til årsmeldinga etter rekneskapslova § 3-3.

Dølaringen og Gudbrandsdal historielag eig Dølaringen Boklag med ein halvpart kvar. Boklaget gjev ut og sel bøker, både for eiga rekning og etter avtalar med andre. Kwart år gjev boklaget ut *Årbok for Gudbrandsdalen*.

I 2010 har boklaget også gjeve ut boka "*Wergeland i Tilskuer'n*" av Erik Bystad. Boklaget har dessutan avtale med Fåberg og Lillehammer historielag og Gausdal historielag om sal av bøkene dei gjev ut.

Styret for Dølaringen Boklag har i 2010 vore slik:

Arne Skuterud, Gudbrandsdal historielag

Kristian Hosar, redaktør i *Årbok for Gudbrandsdalen*.

Det er opp til årsmøtet å få ein betre kjønnsbalanse i styret for boklaget.

Dølaringen Boklag har ein tilsett medarbeidar, Anne Hosar i ca. 50 % stilling.

Boklaget leiger frå oktober 2010 kontor i *Kirkegata 51, 2609 Lillehammer*. Dette er ei vesentleg forbetring ved at kontora er ljose og trivelege, har betre arbeidsmiljø og er sentralt plasserte i byen. I tillegg leiger boklaget lager på Suttestad gard, Lillehammer. I samband med flytting til nye kontorlokale, er det rydda i boklageret og ein del forelda kontormateriell og anna utstyr er kasta.

På kontoret er arbeidsmiljøet vesentleg forbetra i 2010, og på lageret er det tilfredsstillande. Det er elles ingen andre store endringar i drifta frå 2009 til 2010, men driftsresultatet har endra seg meir negativt til eit enda større underskott i 2010 enn i 2009, jf. pkt. 2 ovanfor. Dølaringen Boklag har pr 31.12.2010 ein eigenkapital på kr 458.671, mot kr 604.365 ved utgangen av 2009. Styret vil nå drøfte nøyre kva som kan gjerast for å endre driftsresultatet i meir positiv lei i 2011.

Vinstra 5. april 2011

Arne Skuterud

leiar

i Gudbrandsdal historielag og Dølaringen

Gaute E Helland
styremedlem
i Dølaringen

Kirsti Haugstad
styremedlem
i Dølaringen

Kirsten Andberg
styremedlem
i Gudbrandsdal
historielag

Arild Teigen
styremedlem
i Gudbrandsdal
historielag